


Statens barnehus

Informasjon til barn





Statens barnehus

Av og til opplever barn vanskelege ting som gjer at politiet treng å snakke med dei.

Dersom det er mistanke om at du kan ha vore utsett for eller vitne til vald, seksuelle overgrep eller andre potensielt straffbare handlingar, kan du bli kalla inn til Statens barnehus. Der vil politiet gjennomføre eit tilrettelagt forhøyr. Barnehuset ser ikkje ut som ein politistasjon, og politiet som jobbar der, har på seg vanlege klede.



Kva er eit tilrettelagt forhøyr?

Når barn og unge kan ha vore involverte i alvorlege straffesaker, må politiet snakke med dei om kva dei kan ha opplevd og korleis dei har det. Dette blir kalla eit tilrettelagt forhøyr. Forhøyrret er eit bevisopptak og blir teke opp på video for at du skal sleppe å møte i retten dersom det blir rettssak. Det gjeld reglar for korleis tilrettelagte forhøyr skal gjennomførast. Reglane for tilrettelagte forhøyr er styrte av Noregs lover (Straffeprosesslova § 239).



Kven blir forhøyrde på barnehuset?

Når du blir kalla inn til tilrettelagt forhøyr, er det fordi politiet treng å snakke med deg. Vi vil vite kva du kan ha opplevd og korleis du har det.

Hos oss kan du føle deg trygg. Alle som jobbar på barnehuset, er vande med å snakke med barn og ungdom. Vi møter mange barn kvar einaste dag i jobben vår.



Kven følgjer deg?

Av og til kan ikkje foreldra følgje barna sine til barnehuset. Det er fordi foreldra ikkje skal vite om at politiet skal snakke med barna. Du kan difor bli følgt til barnehuset av ein annan vaksen. Dette er ofte ein lærar eller ein person du kjenner godt.

Når du er komen til barnehuset, gir politiet beskjed til foreldra dine om kor du er.



Dagen vi forhøyrer deg

Når du kjem til barnehuset, vil politiet snakke med deg åleine på eit eige rom. Dersom du ikkje snakkar norsk, eller du helst vil snakke på eit anna språk, får du ein tolk. Det blir også servert mat og drikke.



Video

I rommet der du snakkar med politiet, er det installert mikrofon og kamera. Lyd og bilete frå samtalen blir overført til eit anna rom. Der sit det andre som jobbar med saka di og følgjer med. Vi tek også opp samtalen på video. Dette gjer vi for at du skal sleppe å forklare deg på nytt dersom det blir rettssak. Videoen blir delt med dei som skal jobbe med saka di.



Lege og tannlege

I nokre tilfelle ønskjer politiet at du skal undersøkjast av lege eller tannlege. Grunnen er at kroppen også kan fortelje noko om kva ein har opplevd og korleis ein har det. På barnehuset har vi både ein tannlege og lege som kan undersøkje deg.



Kva skjer etter forhøyret?

Etter forhøyret vil barnehuset og politiet utarbeide ein plan saman med deg om kva som skal skje vidare. Av og til er også barnevernet med på dette.

Mange barn kjem seinare tilbake til barnehuset. Nokre har kanskje reaksjonar etter det dei har opplevd, og vil gjerne ha hjelp til å snakke om vanskelege kjensler. Vi er her for å hjelpe deg, og kan snakke med deg om det du har behov for.



POLITIET



STATENS BARNEHUS
Et tverrfaglig kompetansehus